

INNHEMING AV SCENETEKNISK PRODUKSJON FOR VOLDA VGS SITT MUSIKALPROSJEKT I ØRSTA OG SJØBORG KULTURHUS

1 BAKGRUNN

Volda vidaregåande skule har i gjennom 25 år gjennomført eit musikalsk prosjekt der alle elevane på utdanningsprogrammet Musikk, dans og drama, i tillegg til elevar frå utdanningsprogramma Medium og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur framfører ein musikal eller eit musikalsk show for eksternt publikum. Dette er eit av fylke sine største tverrfaglege prosjekt. Elevane får gjennom prosjektet oppleve korleis ein profesjonell sceneproduksjon fungerer og krev, og dei får «kjenne på kroppen» dei utfordringane og gledene ei slik erfaring er med på å gje, noko som er eit viktig kompetansemål i musikk-, kunst- og mediefaga. I tillegg får dei nyttiggjort, og lært meir om sin eigen kompetanse i musikkfaga, mediefaga og i kunstfaga, og dei får oppleving av å framføre sin eigen produksjon framfor eit stort publikum.

Difor vert det forventa at leverandør må kunne stille med teknisk stab som kan være gode og inkluderande rettleiarar for ungdomane.

Volda vidaregåande skule (Møre og Romsdal Fylkeskommune) og leverandør må legge til rette for ein trygg og god arena for deltakarane. Det skal tilretteleggast for et breidt spekter av uttrykk, være høg kvalitet på mentorarbeidet og på produksjonen. Det skal opplevast som et løft å delta i dette prosjektet.

2 NØKKELINFORMASJON

Årets musikalprosjekt vert arrangert som normalt siste veka før vinterferien, og i år vert det frå og med 11. februar 2023 til og med 17. februar 2023. Hovuddelen av musikalprosjektet vil bli arrangert i Ørsta kulturhus, medan siste del av prosjektet vil bli framført i Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik. Sjå tentativ tidsplan for tidspunkt.

Opprigg til arrangementet bør i hovudsak skje fredag 11. februar slik at alt er klart til første sceneprøve laurdag 12. februar ca. klokka 12:30.

2.1 Tentativ tidsplan

Fredag 11.2:

09:00-12:00	Rigging Ørsta kulturhus
1200-12:30	Lunsj
12:30-15:30	Forts. rigg/teknisk
15:30-16:00	Pause
16:00-21:30	Lydprøve orkester / lysrigg-teknisk

Laurdag 12.2:

09:00-12:00	Teknisk/rigg
1200-12:30	Lunsj
12:30-14:30	Scenep prøve/Lydprøve kor/solist
14:30-15:30	Pause
15:30 – 19:30	Scenep prøve

Mandag, tysdag:

9:00-10:00	Klargjering teknisk
10:00-11:30	Scenep prøve
11:30-12:30	Lunsj
1230-14:30	Scenep prøve
14:30-17:30	Pause
17:30-22:00	Klargjering til framsyning + framsyningar.

Onsdag:

07:00-12:00	Nedrigg Ørsta transport - Opprigg Sjøborg
1200-13:00	Lunsj
13:00-14:30	Lydprøve orkester
14:30-15:30	Lydprøve kor/solist
14:30-15:30	Pause
15:30 – 19:30	Scenep prøve

Torsdag:

9:00-10:00	Klargjering teknisk
10:00-11:30	Scenep prøve
11:30-12:30	Lunsj
1230-14:30	Scenep prøve
14:30-17:30	Pause
17:30-22:00	Klargjering til framsyning + framsyningar.

Fredag:

10:00-10:30	Klargjering teknisk
11:30-13:30	Framsyning skule
1330-14:30	Pause
14:30-	Nedrigg/avslutting

**NB! Alle tidspunkt og oppgaver ovanfor tek atterhald om at det kan kome endringar*

2.2 Scene

Vi nyttar eksisterande scene på kulturhusa, men treng modul til kor/scenografi + utbygging scene i Ørsta. Ca. 20 modular a 2x1 meter med ulik storleik på bein.

3 ANNA INFORMASJON

- Volda vgs legg til rette for berehjelp i høve innmeldt behov
- Alt teknisk personell forpliktar seg til å gjere seg kjent med og følge produksjonen sine køyreplanar og HMS-retningslinjer, samt ev. smittevernreglar.
- Teknisk leverandør har ansvar for at forsikring og sertifikater på utstyr er i orden og godkjent i samsvar med gjeldande krav og skal signere HMS erklæring ved tildeling av kontrakt.
- Teknisk leverandør skal sørge for at gulv og underlag ikkje blir skada, ved bruk av stativ og ground-support.